

PLANPROGRAM FOR KULTURMINNEPLAN FOR NYE STEINKJER KOMMUNE.

Vedtatt i Fellesnemndas arbeidsutvalg 20.08 2019

Formålet med planarbeidet:

Formålet med planarbeidet er å lage kulturminneplan for nye Steinkjer kommune. Planen skal dermed også erstatte gjeldande kulturminneplan 2014-2018 for Steinkjer kommune (vedtatt av kommunestyret 25.3.2015). Planen skal møte kommunens sjølvstendige ansvar for å ivareta verneverdige byggverk etter plan- og bygningslova, kulturminnelova og statlege retningslinjer for planlegging. Spørsmålet om ein plan for vern av kommunens *immaterielle* kulturarv må løysast gjennom ei eiga sak. Prosessen med å utarbeide ein ny felles kulturminneplan skal skje i nært samarbeid med og mellom frivillige lag og foreiningar og såleis vere eit kultur- og identitetsbyggande tiltak fram mot kommunesamanslåinga.

Utfordringar i planperioden:

Kulturminna er ein ikkje-fornybar ressurs som finnast i kommunane. Utbyggingspress og endra eller manglande bruk er viktige årsakar til tap av kulturminne og kulturmiljø. Fortetting er i dag vedtatt miljøpolitikk. Dette sett kulturhistoriske verdier under press. Kulturminne er ein del av kvaliteten, attraktiviteten og kontinuiteten i omgivelser i stor endring.

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminne og kulturmiljø. Dette er tydeliggjort gjennom fleire nasjonale og regionale forventningar: Innan 2020 skal det ligge føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på. Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstige 0,5 prosent innan år 2020.

Kulturminne og kulturmiljø er ein viktig premis i samfunnsutviklinga, og «i planleggingen skal det tas hensyn til (...) kulturhistoriske verdier og estetiske kvaliteter, og at kulturminner og kulturmiljøer bør tas aktivt i bruk som ressurser i by- og stedsutviklingen» («Statlige planretningslinjer for samordnet bolig, - areal- og transportplanlegging» (2014))

Effektivisering og strukturendring i landbruket er ei utfordring for kommunens kulturminne. Når færre bønder driv fleire gardar, blir våningshus ståande tomme. Endra driftsformer fører til at tradisjonelle driftsbygningar går ut av bruk. Ein gjennomgang av SEFRAK-registreringane i Steinkjer syner at nesten 30 % av bygningane vart borte mellom 1985 og 2016.

Verran kommune har ingen plan for å møte desse utfordringane. Steinkjer kommune sin kulturminneplan gjeld ut året 2018. Denne planen består av ein handlingsplan og eit oversyn over freda kulturminne, verna byggverk og nokre verneverdige byggverk. I tillegg har planen ein tekstdel, som er eit omfattande dokument med ei grundig beskriving av ei rekkje kulturminne i Steinkjer og historier knytta til dei.

Steinkjer kommunes kulturminneplan er eit grundig dokument, men er ikkje eit godt nok verktøy for den delen av bygningsvernet som er kommunens ansvar. Den byggjer ikkje på grundige registreringar og verdivurderingar av nyare tids byggverk (etter 1660). Den er heller ikkje juridisk bindande. Ein juridisk bindande plan består av kartvedlegg med bestemmelser og retningslinjer. Ein samla juridisk bindande kulturminneplan er meir rasjonelt enn ei rekkje reguleringsplanar for byggverk som ligg spreidd i eit vidstrekt landskap.

Norsk Kulturminnefond prioriterar søknadar som gjeld bygningar med formelt vern i kulturminneplan. Det er viktig at registrering og verdivurdering blir så grundig og omfattande som muleg for å kunne kanalisere mest muleg tilskottsmidlar og aktivitet til kommunen. Kommunen forvalter også SMIL-midlane, som kan brukast til skjøtsel og istandsetting av kulturminne (både hus og fornminne). Ein god kulturminneplan vil gjere det lettare å prioritere tiltaka.

Ein god kulturminneplan er eit viktig klima- og miljøtiltak: jf kommuneplanen for Steinkjer sin samfunnsdel: «Bevaring, istandsetting og gjenbruk av bygningsmasse er i seg sjøl god miljøpolitikk».

Temaer i planen (omfang og innhold)

Planen skal difor strukturast slik:

Ein kort tekstdel - **planbeskrivelse**.

Plankart der verneverdige byggverk er inntegna.

Retningslinjer for forvaltninga av byggverka. Retningslinjene skal utformast slik at det vil vere lite ressurskrevande å gjere om planen til ein juridisk bindande kommunedelplan. Retningslinjer og bestemmelser vil legge heftelser på eigedommar. Huseigarar og politikere vil bli gjort merksamme på dette tidleg i planprosessen.

Handlingsdel. Kommunen må ha ein plan for skjøtsel og formidling av kulturarv som kommunen har eit direkte ansvar for som eigar. Handlingsdelen skal også legge premissane for godt samarbeid med fylkeskommunen, frivillige og andre om skjøtsel av automatisk freda kulturminne.

Handlingsdelen skal omfatte tiltak som kan fremme kulturminne som økonomisk ressurs, t.d. for reiselivet.

Prioriterte tiltak med økonomiske konsekvensar må inngå i ei samla vurdering i samband med kommunens handlingsprogram/økonomiplan.

Eksempel på mulege tiltak: Gi ut tekstdelen av kulturminneplanen frå 2015 i redigert form som bok, utvida med tilsvarande del for gamle Verran kommune. Vidareføre Fasadefondet. Gjenopprette kommunal kulturminnepris. Samarbeid om skjøtelsplan for Bølaområdet.

Nærare om planbeskrivelsa (viktige tema i planen):

Verneverdig landbruksbebyggelse

Sentrumsbebyggelse

Krigens kulturminne og Steinkjer som garnisonsby.

Samiske kulturminne

Grønne kulturminne

Kulturminner i strandsonen

Byggverk knytta til ferie og fritid

Teknisk/industrielle kulturminne

Kulturmiljø

Kulturlandskap

Funksjonsbygg for felleskap og demokrati

Kartleggingsfasen vil kunne justere antall tema.

Rammer for planarbeidet; lovverk, overordna planer og retningslinjer

Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 26.juni 2008
(Plan- og bygningslova)

Lov om kulturminner av 9. juni 1978

Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19. juni 2009
(Naturmangfaldlova)

St.meld. nr 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste»

St.meld. nr 16 (2004-2005) «Leve med kulturminner»

St.meld. nr 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand»

Riksantikvarens NB!-områder i Steinkjer

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Handlingsprogram for kulturminnepolitikk (Nord-Trøndelag fylkeskommune)
(Regional plan for kulturminner for Sør-Trøndelag)

Andre relevante dokumenter, veiledninger mv

Kommuneplan Verran

Kommuneplan Steinkjer

Kommunedelplan landbruk Steinkjer

Kommunedelplan kultur Steinkjer
Regulering Nordsia bydel 2008
Reguleringsplan Sørsia bydel 2012
Estetiske veileder Steinkjer
Kulturminneplan for Steinkjer 2015 - 2018
Intensjonsavtaler, strategiplanar mm som gjeld kommunesamanslåinga

Planprosessen:

Planprosessen blir gjennomført i tråd med krav til kommunedelplanprosessar i plan- og bygningslova:

- Utarbeiding av planprogram
- Høyring av planprogram
- Utarbeiding av planforslag
- Offentleg ettersyn av planforslag
- Endelig vedtak av plan

Behandling i politiske organ i kommunen

FNAU/formannskapa i Steinkjer og Verran vedtek framlegg til planprogram for utlegging til offentleg høyring

FNAU/ formannskapa i Steinkjer og Verran vedtek planprogram etter offentleg høyring

Formannskapet i nye Steinkjer kommune vedtek planforslag for utlegging til offentleg høyring

Formannskapet i nye Steinkjer kommune innstiller på endeleg planvedtak

Kommunestyret i nye Steinkjer kommune gjer endeleg planvedtak

Deltakarar i planprosessen

Viktige *eksterne* interessentar i planprosessen:

Frivillige: Historielag og andre ideelle lag og organisasjonar. 4H

Trøndelag fylkeskommune

Riksantikvaren

Egge museum

Bondeorganisasjonar

Steinkjerbygg KF

Gårdeigarforeningar, næringsforeningar, huseigarforeningar

Viktige *interne* interessentar i planprosessen:

Prosjektledar for kommunesamanslåinga

Kultursjefen

Kultursjefens identitets- og kulturbyggingsgruppe

Plan- og utredningstjenesten

Kommunikasjonstenesta i nye Steinkjer kommune

HU Oppvekst og kultur i Steinkjer kommune

Grønn nemnd – Verran kommune

Komite for næring, nærmiljø og bosetting, Verran kommune

Kommunegartner – på særlege, grønne område

Medverknad

I: Ein hovudgrunn til å sette i gang arbeidet med ny felles kulturminneplan no, er at ein ser sjølve prosessen som eit viktig kulturbyggingstiltak i nye Steinkjer kommune. Det er difor frivillige registratorar frå historielag, sokneråd og andre som i hovudsak skal registrere verneverdige kulturminne. Hyppige møte mellom frivillige for drøfting og verdivurdering av kulturminna vil byggje felles kultur og identitet. Oppstartfasen blir viktig - ein må vekkje interesse og engasjement. Organisasjonar som Steinkjer museums lag, Bergmannsmuseet, Fosdalsgruvas Venner og tilsvarande miljø i Follafoss vil stå sentralt i oppstartfasen.

Det kan vere aktuelt å invitere til folkemøter i Malm, Follafoss, Steinkjer sentrum, samt å knytte seg til pågåande Bolyst-prosessar.

II: Plankart med retningslinjer/bestemmelser vil innebere både nye mulegheiter for eigar og heftelser på eigedommar. Dette må gjerast klart for dei det angår på ein tydeleg måte tidleg i prosessen. I tillegg kjem den medvirkninga som følgjer av PBL.

Fire "stemmer" bør slippe til i planarbeidet:

1. Fagstemmen
 - a. Kommunens fagtenester – arealplan, byggesak, landbruk, kultur.
 - b. Steinkjerbygg AS
 - c. Steinkjer næringssselskap

2. Folkestemmen (kommunale råd og utvalg, frivillige organisasjonar)
 - a. Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne
 - b. Eldres råd
 - c. Innvandrerrådet
 - d. Likestilling- og mangfoldsutvalget
 - e. Historielag
 - f. Fortidsminneforeninga
 - g. Ungdomsrådet

3. Folkevalgtstemmen
 - a. Hovedutvalg oppvekst og kultur
 - b. Hovedutvalg teknisk, miljø og naturforvaltning
 - c. Ev. innspill fra partigrupper

4. Næringsstemmen
 - a. Gårdeigarforeninga og tilsvarande i Verran
 - b. Steinkjer Næringsforum og tilsvarande i Verran
 - c. Steinkjer Sentrum næringsforening og tilsvarande i Verran
 - d. Bondelag og Bonde- og småbrukarlag i dei to kommunane

Innhenting av informasjon:

Det ligg føre mykje informasjon om kulturminne og kulturmiljø i den nye kommunen:

SEFRAK-registrering

Fosdalens Bergverk sine arkiv

Folla fabrikk sine arkiv

NTEs arkiv

Kommunale byggesaksarkiv

Eksisterande kulturminneplan for Steinkjer kommune inneheld tabell med 190 celler (Tabellen omfattar både ruinar og rivne byggverk. Enkelte celler er meir enn eitt objekt - eks «MilBo»)

Kulturminneregistrering i Steinkjer kommune, påbynt av kommuneantikvaren i 2016.

Arbeidet med kulturminneregistrering i Verran er førebudd gjennom prosjekt støtta av Riksantikvaren.

Det er behov for å gå gjennom desse kjeldene, kombinert med registreringar i felten for å identifisere dei objekta/byggverka som skal inn i kulturminneplanen, jf punkt ovafor: «Nærare om planbeskrivelsa (viktige tema i planen)»

Praktisk organisering av arbeidet (omfang og innhald)

Kommuneantikvaren er prosjektansvarleg og fagleg ansvarleg og sekretariat for det frivilige arbeidet.

Plangruppe med ein representant frå kulturavdelinga, plan- og utredningstenesta, byggesak- og karttenesta, landbrukstenesta, veg- trafikk- og parktenesta, Bergmannsparken AS, kommuneantikvaren.

Styringsgruppe: FNAU/formannskapet i nye Steinkjer kommune.

Ressursgruppe: Styret i Steinkjer museumslag, supplert med ledar av Fosdalsgruvas Venner og ledar Verran historie- og museumslag.

Framdrift

Januar 2019	forslag til planprogram til høyring
Mars 2019	bearbeiding av planprogram etter høyring
Juni 2019	planprogram vedtatt
Mars 2019 – januar 2020	kulturminneregistrering og verdivurdering
Januar 2020 – juni 2020	utarbeiding av planforslag med planbeskriving, kart og retningslinjer
juni 2020	planforslag til høyring
desember 2020	kulturminneplan vedtatt